

TAXI 1 AS
Postboks 2420 Drottningsvik
5834 BERGEN

Dato: 02.11.2017
Vår ref.: 2015/2797-5
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Att. Robert Aasmul

Søknad om endring av vilkår løyve R5001 m.fl. - varsel om tilbakekalling

Ein viser til brev av 09.10.2017 frå Taxi 1.

Søknaden gjeld følgjande løyve: R-5001, R-5002, R-5004 til og med R-5009. Taxi 1 ønskjer at vilkåret om talet på sitteplassar skal endrast til inntil 9. Vilkår om at bil på løyva skal kunne transportera rullestol skal takast bort.

Det går fram av statistikk innlevert av Taxi 1 for 2016 at det ikkje var drift på 11 stk. av sentralen sine løyve. Av desse var 7 av løyva det no vert søkt endring på, dette gjeld R-5001, R-5002 og løyva R-5005 - R-5009. Dei resterande løyva det ikkje var drift på er R-5032, R-5033, R-5034 og R-5036. Frå Justervesenet har ein fått opplysningar om at det ikkje er registrert bil med taksameter på desse løyva. Brot på driveplikta er tilbakekallingsgrunn. *Ein varslar med dette at drosjeløyva R-5001, R-5002, R-5005, R-5006, R-5007, R-5008, R-5009, R-5032, R-5033, R-5034 og R-5036 kan verta kalla tilbake.*

Den 19.09.2014 leverte Taxi 1 tapsmelding for løyva R-5005 og R-5044. Det vart utferda duplikat og sendt faktura for 2 stk. duplikat 24. oktober 2014. Faktura vart aldri betalt og sentralen henta aldri ut duplikata. Når det vert levert tapsmelding, er opphavleg løyvedokument ikkje lenger gyldig, sjølv om det kjem til rette. Taxi 1 har i dag ikkje gyldig løyvedokument for R-5005 og R-5044. Drosjeløyve R-5005 som ikkje har gyldig løyvedokument, er ikkje i bruk. Når det gjeld R-5044 var dette i bruk utan gyldig løyvedokument. Innrapportert køyrde km og innkøyrde beløp er svært lågt og det kan reisast spørsmål om driveplikta er oppfylt. Ein varslar om at R-5044 kan verta kalla tilbake.

Ein ser elles av statistikken at det er svært liten aktivitet på ein del av dei andre løyva knytt til sentralen. Generelt er innkøyringa på Taxi 1 sine bilar godt under gjennomsnittet for ordinære drosjar og køyre lengda på mange løyve er svært liten. Dette tyder på at Taxi 1 sin eigen løyveportefølje er for stor. Når det gjeld tilslutta løyvehavarar har sentralen ikkje rapportert for desse på same måte som for dei andre løyva slik føresetnaden er at ein drosjesentral skal gjera.

Behandling av søknad om endring av vilkår utstår inntil tilhøva kring løyva i Taxi 1 er avklart. Ein ber om sentralen sine kommentarar til det som kjem fram over. **Svarfrist er 23. november 2017.**

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.